



## Notat

Dato: 29.04.2015  
Arkivsak: 2015/3001-2  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Busstilbod til Sotra vidaregåande skule avd. Sund

I møteboka frå møte i fylkesutvalet sitt møte 19.02.2015 vart det teke inn følgjande:

«**Aud Karin Oen** hadde sendt inn slikt spørsmål:

Busstilbodet på Sotra vidaregåande avdeling Skogsvåg er ikkje tilfredsstillande. Det vert meldt at saka er teken opp med Skyss fleire gonger frå skulen si side. Bussar korresponderer ikkje, køyrer forbi elevar på haldeplass osv. Elevar slit med å koma tidsnok. Hfk har ansvar både for skyss og skulen. Kva kan fylkesordføraren gjera med dette? ».

I møte i fylkesutvalet 26.03. vart saka handsama i samband med RS 50/15 «Busstilbod til Sotra vidaregåande skule- Svar på oversendingsforslag». I møteboka er det teke inn følgjande:

*«I samband med RS 50/15 "Busstilbod til Sotra vidaregåande skule - Svar på oversendingsforslag" viste **Aud Karin Oen** til brev av 13.02.2015 frå Sund kommune, og spurde kvifor dette ikkje var nemnd i meldinga. Kst. direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, opplyste at då meldinga vart laga var brevet pga. ein inkurie ikkje saksbehandla. Skyss har no svart kommunen. Fylkesrådmannen vil leggje fram oppdatert informasjon i neste møte.»*

Fylkesrådmannen er kjend med at busstilbodet til Sotra vidaregåande skule avdeling Sund mellom anna vart omtala i Vestnytt 3. februar. I saka kjem det fram at elevane har hatt fleire uheldige opplevingar med busstilbodet til skulen. Hendingar som vart nemnd er bussar som køyrer forbi når elevar står på busshaldeplassen og ventar, manglande skilting på bussane, og bussar som ikkje korresponderer.

Fylkesrådmannen har stor forståing for at hendingane og konsekvensane dei gir er fortvilande for elevar, lærerar og foreldre ved skulen. Skulereisene skal vere trygg og føreseieleg. Saka er følgd opp av Skyss med bussoperatør.

Skyss opplyser at dei ikkje kan sjå å ha motteke nokon henvendingar frå skulen eller elevar i førekant av avissaka. Torsdag 12.februar 2015 vart det difor sendt eit brev til elevrådet ved skulen med oppmoding om å sende ein samla førespurnad med oversikt over alle dei konkrete hendingane. Ein vil då få eit meir heilskapleg oversyn over situasjonen, og eit grunnlag til å forbetre tilbodet ytterlegare i samarbeid med bussoperatør.

13.februar 2015 sendte Sund kommune brev til Skyss angående dei uheldige hendingane med busstransporten til Sotra vidaregåande skule, avdeling Sund. Grunna sjukdom kom ikkje brevet fram til rett person i Skyss før i mars. Skyss svarte då kommunen omgåande med same forklarande informasjon som i svaret nemnt over - at saka er følgd opp med bussoperatør, samt at det er sendt brev til elevrådet ved skulen med oppmoding om å sende Skyss ein samla førespurnad.